


KONTAKTBLAD FOR
Nr. 19 April 1995 6.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

Spesialutgåve
i samarbeid med
Hjartdal kommune
til alle husstan-
dane i Hjartdal



Frigjerings-
jubilèet
1945-1995

Dette bladet er utgitt i samarbeid mellom Hjartdal kommune og Hjartdal historielag. Det er hovudsiden for masjonsskrivet til folk i bygda om markeringa av 50-årsminnet for frigje-ringa 1945.

Kommunane i landet er bedne om å markere frigje-ringsjubileet, og naturlig eit samarbeidspartnarar er passande lag og foreningar rundt i bygd og by. Sidan Hjartdal historielag har eit godt innarbeidd medlemsblad, bruker vi dette ved denne anledninga.

H7V

Frigjeringskomiteen i Hjartdal kommune består av:

Britt Lund
Svein Vetle Trae
Bjørn Rugaas
Leif Skoje

Øystein H. Bondal
Eilev Deilkås
Olav H. Særsland
Petter Sollid
Knut Bekkhus
Audun Solberg
Brit I. Hjartsjø
Ingjerd Rånman Hovde
Bjarne Kleivane
Ole Eivind Næssen
Åsta Næssen
Hans Jon Hjartsjø
Erling Gaaserud
Torkild H. Mosebø
Bendik Skeie

**Har du liggande noko frå krigstida som kan vere av interesse for jubileumsutstillinga og seinare til ein Hjartdalsavdeling i vårt lokale heimefrontsmuseum (Notodden og omegn)?
Det er ikkje minst viktig med dei små daglegdagse tinga.
Både ulån og gåver er interessant.
Ta kontakt med S. V. Trae i Hjartdal kommune (Tlf.: 350-23040)**

OFFISIELT PROGRAM FOR FRIGJERINGSJUBILEET 1945-1995 I HJARTDAL KOMMUNE

8. mai 1945 vart Noreg atter fritt etter 5 år under tysk okkupasjon. Våren 1995 vil det over heile landet gå føre seg ulike arrangement for å markere 50-årsjubileet.

Jubileet har ein tredobbel funksjon:

*Å feire gleda over gjenvunnen fridom og fred
Å minnast dei falne
Å gje informasjon til ungdom og nye slekter*

Markering:

- Vinteren:**
- det vert skrive bok om motstandsarbeidet i Hjartdalsbygdene
 - skulelevane arbeider med stoff frå krigsåra
 - det vert samla inn gjenstander til ei utstilling

Sundag 7.mai:

- Kl. 09.00 Nedlegging av kransar på minesmerke Bergtun, Hjartdal - Kyrkjegarden, Tuddal
- Kl. 11.00: Minnegudsteneste i Sauland kyrkje
- Kl. 14.00 Heimefront-utstilling opnar i Sauland Bibliotek
- (Kl. 18.00 Bokslepp - boka om motstandsarbeidet vert presentera Jubileumsfest for Milorg-veteranar og andre innbedne på Klubbhuset i Sauland.)

Måndag 8.mai

- Kl. 12.00 To minuttars stillhet over heile landet.
Kyrkjeklokken i Hjartdal, Sauland og Tuddal skal ringe
All trafikk skal stoppe innan- og utandørs
- Kl. 12.15 Lokal markering ved alle kommunenes arbeidsplassar etter eige tilpassa program

Søndag 11. juni

- Kl.10.00 Fredsmarsj i Mælefjell,
Uvås-Torvetjønn-Mælestul-Flatland bru
Avduking av minneplate over det fyrste flysleppet som kom til Milorg avsnitt 163
på sleppstaden "Horse" ved Torvetjønn

Søndag 13. august

- Kl. 10.00 Tur til milorgcella ved Fyrebøen
Hundemyr-Lauvhaug-Lauvnatten-Fyrebøen
Avduking av minneplate på Milorgs sleppstad
"Calf" ved Lauvnatten

PROGRAM FOR MINNEHØGTID VED MINNESMERKE OVER DEI FALNE FRÅ HJARTDAL, VED VED BERGTUN SØNDAG 7.MAI 1995 KL.9.00

- 1 Æresvakta: RETT - GIV AKT! v/HV-03302
- 2 Åpning - v/seremonileiar Svein Vetle Trae
- 3 Veteranfanfare - Musikantar frå Hjartdal musikkorps
- 4 Lystenning - for fred og fridom
v/ to representantar for Elevrådet ved Hjartdal skule
- 5 Gud signe vårt dyre fedreland -
Allsang m/musikantar
- 6 Blomsternedlegging:
 - Hjartdal kommune v/varaordførar
 - Milorg gruppe 46 v/Olav H. Særslund
 - HV-03302 v/områdesjef Petter Sollid
 - Sandefjord politikammer v/tenestemann
- 7 Prolog/diktlesing: v/Halvor H. Sisjord
- 8 Ja, vi elsker dette landet - Allsang m/musikantar
Æresvakta: GIV AKT!
- 9 Program for resten av dagen vert kunngjort av seremonileiar

PROGRAM FOR MINNEHØGTID VED MINNESMERKE OVER DEI FALNE FRÅ TUDDAL, VED TUDDAL KYRKJE SØNDAG 7.MAI KL.9.00

- 1 Æresvakta: RETT - GIV AKT! v/HV-03302
- 2 Åpning - v/seremonileiar Britt Lund
- 3 Mellom bakkar og berg -
Musikantar frå Hjartdal musikkorps:
- 4 Lystenning - for fred og fridom
v/ to representantar for Elevrådet ved Tuddal skule
- 5 Gud signe vårt dyre fedreland -
Allsang m/musikantar
- 6 Blomsternedlegging:
-Hjartdal kommune v/ordførar
-Milorg gruppe 47 v/Øystein H. Bondal
-HV-03302 v/Svein Erik Sletta
- 7 Prolog/diktlesing: v/Gudrun Hovde Gvåle
- 8 Ja, vi elsker dette landet- Allsang m/musikantar
Æresvakta: GIV AKT!
- 9 Program for resten av dagen vert kunngjort av seremonileiar

FALNE FRÅ HJARTDALS BYGDENE UNDER KRIGEN

(Kjelde: Våre Falne 1939 - 1945, utgjeven av Den norske stat, Oslo 1950)

Bergstuen, Torkjel,

Linearbeidar, Tuddal. Fødd 15. februar 1915 i Tuddal, s. av Kittil O. Bergstuen, f. 1873 i Tuddal og Sigrid, f. 1878 i Tinn.

Han arbeidde på Rjukan med ein lysledning som skulle byggjast for Tuddal Kraftforsyningslag, og omkom under bombeåtak på Rjukan 16. november 1943. Han fekk ein bombesplint i låret og blei førd til sjukehuset på Rjukan, der han døydde samme dag.
Gravlagt i Tuddal.

Reisjaa, Halvor,

Tunnellarbeidar, Rjukan. Fødd 22. mai 1912 i Hjartdal, s. av Knut Østensen Reisjaa og Gunhild Halvorsdtr. f. Moen, f. 1882 i Hjartdal d. 1946.

Halvor Reisjaa blei skoten på gata i Rjukan av ein tysk soldat 14. desember 1943.
Gravlagt i Tuddal.

Nyheim, Trygve,

Tømmermann, Øvre Sandsvær. Fødd 17. november 1915 i Gransherad, s. av Olav H. Nyheim, f. 1872 same stad og Ragnhild f. Aarhus, f. 1875 i Hjartdal.

Var med i kampane ved Vinjesvingen 1940.

Seinare var han med på våpenøvingar og sabotasje. Tyskarane kom brått på dei under våpenøving i Fiskum 24. april 1945, og Trygve Nyheim fall i kampen.
Gravlagt i Hjartdal.

Våle, Torbjørn,

Lensmannsbetjent, Sandar. Fødd 18. januar 1919 i Hjartdal, s. av Torbjørn Våle f. 1884, og Ingebjørg f. Skaarnes, f. 1893, båe i Hjartdal. Framhaldsskule, befalsskule.

Var ved befalsskulen i Halden da krigen starta, og var med i dei styrkane som måtte trekke seg inn i Sverige etter freustingar på å stoppe tyskarane. Kom seinare til Oslo og gjekk inn i politiet. Var fra 1941 lensmannsbetjent i Sandar, var med i motstandsrørsla og vart nestkommanderande for Milorg i Sandar. Under ein rassia blei han overrumpla og arrestert i heimen av tyskarane 19. mai 1944. Skal ifølgje ei tysk fråsegn vere skoten same dag da han prøvde å



Opprop frå Frigjøringskomiteen til folk i Hjartdal:

La oss alle delta i
denne markeringa!

Bruk flagget

7. og 8.mai!

Delta på

arrangementa! Var du
med på

motstandsarbeid,

eller av andre

grunnar har synlege

minne (armbind,

medaljer eller anna),

så ta det på

desse dagane.

“Skriften på veggen”



BOKA OM KRIGEN OG MOTSTANDSARBEIDET



“Skriften på veggen” var særmeldinga frå BBC som varsla at eit flyslepp var på veg frå England til Hjartdalsfjella.

Symbolikken i uttrykket er henta frå Bibelen og er eit varsel om at noko vil skje; dette karakteriserer også nazistanes frammarsj i 30-åra. Mange oppdaga ikkje nazismens sanne ansikt før det var for seint. Det same uttrykket blei også nytta under krigen som einaste åtvaringa frå motstandsrørsla til lokale nazistar som dreiv med angiveri.

Det er med glede Hjartdal historielag i vår for første gong kan presentere ei bok. Kva var vel meir naturleg i 1995 enn å presentere historia om okkupasjonen sett frå Hjartdal? Når vi så mellom med-lemmene har initiativtakaren og forfattaren av boka, Svein Vetle Trae, så er det ingen grunn til å la denne anledningen gå frå seg, men å få historien ned på papiret for ettertida.

Vi skal ikkje røpe mykje om innhaldet her og nå, men vi kan nemne at det er ei svært fyldig historie som kjem. Boka er på over 280 sider og har bra med foto og illustrasjonar. Ho skil seg frå

dei fleste liknande bøker ved at abso-lutt størstedelen av stoffet er fortalt med eigne ord av folk som på ein eller annan måte var knytt til hendingane. Traes hovudarbeid har vore å gjere intervju med over 50 personar! for så å knyte sammen denne veldig stoffmengda til ei systematisk framstilling om krigen og okkupasjonsåra. Mange års engasjement i stoffet ligg bak ei intens avslutning av arbeidet nå i vinter.

Vi vil presisere at dette er boka om motstandsarbeidet i Øvre Telemark - sett frå Hjartdal. Motstandsarbeidet i bygdene våre var ein del av mykje større opplegg.

Geografisk ligg vi mellom viktige krigshistoriske stader som Vinje, Rjukan og Notodden/Kongsberg. Dette gjer at utgangspunktet Hjartdal vil skaffe lesaren ein svært god oversikt over kva som eigentleg skjedde i Øvre Telemark i desse tunge og dramatiske åra.

Nå er det først og fremst den militære delen av historia som det er lagt vekt på. Motstandsarbeidet til Milorg tek mest plass, men sjølv sagt er dette sett i samanheng med den krigskværdagen som dei eldre i dag nok vil kjenne att.(Sjå neste side).

Mange gode hjelparar skal til for å lage ei slik bok. Dei fleste blir nemnt i boka. Her skal vi berre nemne at Svein Grue Carlen igjen har bidratt med teikningar til

ei lokal historiebok. Det er nokre av desse teikningane ein ser i dette bladet.

NB.:

Vi trykkjer ikkje boka i eit alt for stort opplag. Men sjølv om det truleg vil vere bøker nok til alle, kan det vere lurt å bestille på førehand.


Bruk kupongen på neste side, eller bestill boka ved å ringe Hjartdal kommune. Resepsjonen eller S. V. Trae noterer bestillinga.

(Tlf.: 350-23040)

Du kan også bestille hos Hjartdal historielag ved Torkel Hytta.

(Tlf.. 350-23150)

Alle som førehandsbestiller får boka signert av forfattaren!



Halvor Rivrud, opprinneleg frå Sauland fortel:

Glimt frå boka:


Det var forbode å stelle til dansefestar og andre samankomster for ungdom under krigen. Ein gong, - eg trur det var sommaren 1943, hadde ein del ungdomar frå Sauland stelt til dansemoro ved Omnesfossen der Kroa ligg no. Det var spelemann til stades. Olav Blomhaugen spela valsar på hardingfela. Eg fekk låne fela til Olav da han skulle ha pause. Det var ikkje så stort eg hadde spela, men eg synast gildt i å få prøve litt. Olav hadde au skaffa harpiks som eg skulle ha på bågen, harpiksen stappa eg i lomma. Da Olav kom



Eg vil gjerne ha tilsendt
eksemplar av
“Skriften på veggen” -
boka om krigen og
motstandsarbeidet i
Hjartdal/Øvre Telemark
Pris: 240,- +porto
(Innbetalingskort i pakka)

Namn: _____

Adresse: _____



Til
Hjartdal
historielag
v/Leif Skoje
3692 SAULAND

att, så fekk han fela og eg følgte ei frem-mind jente opp på allmann-vegen.

Da me kom oppå vegen, kom ein tysk militærbil og stoppa rett ned for Deilkås. På samme tid kom to kameratar av meg til staden, dei ville gjera litt spikk med meg og hadde kledd seg ut, - bytta jakker.

Tyskarane hoppa rett mot oss med maskinpistolar og ropa "Hände hoch!" Så tok dei tak i jenta og jaga ho utover mot Saulandstøtta. Kameratane mine blei redde og stakk til skogs, dei sprang over Ålamoen og heilt til Moskottet.

Eg blei ståande att aleine med hendene i lomma. Tok vel ikkje situasjonen alvorleg nok, ung som eg var. Tyskarane blei mistenksomme da eg ikkje retta hendene i været og lura på om eg hadde våpen. Dei røska hendene mine opp frå lomma og dermed fant dem harpiksen i den ein lomma og eit søteple i den andre. Da blei dem forbanna og drog til meg med knyttneven så eg blei liggandes. Eg hugsar eg blei hoven i kjaken etter slaget, hadde jamvel fått ei laus tann. Dei tok i meg att, drog meg opp og sparka til meg. Deretter jaga dei meg nedover mot Fossbrua. Eg byrja å springe og stakk

oppover til høgre mot Ålamoen mot den gamle Kåsasaga. Imens hørde eg det begynna å smelle nedpå vegen. Da blei eg skikkeleg redd og sprang enda fortare. Oppi ei brekke traff eg ein kjenning som hadde vore på frieri, han hadde sniki seg over Fossbrua og opp i skogen. Me gjekk i saman på ein stig ned mot Deilkås, me torde ikkje gå ned, men kom ned ved skyttarbanen.

På danseplassen blei det full røre når dei hørde skota. Mange tok beina fatt, somme visste ikkje kva dei skulle gjera for å komme unna. Nokre karar tok jentun sine på ryggen og våssa over elva. Nokre kom seg ikkje unna, eg trur det var fem personar. Dei blei tekne av tyskarane og blei dratt med til forhør på Notodden læraskule på Skoland der tyskarane hadde hovudkvarter. Dagen etter blei dei sleppte fri. Ein av dei kom att med berre ein sko, den andre hadde han mista under tumultene.

Ein som budde rett ved sida fekk to minuttar på seg til å hente passet. Han fekk vel litt panikk og trudde han var såra. Han rakk allikevel tilbake og det gjekk bra.

*


*Du er
velkommen som
medlem i HHL.
Send 50 kroner
til*

Hjartdal historielag

*v/Leif Skoje,
3692 SAULAND*

*Hjartdal og
Gransherad
sparebank:
Kontonr.:
2699 07 04332*

*(Hugs å skrive
namnet ditt på
innbetalingeskortet!)*




H7V

*Kontaktblad for Hjart-
dal Historielag blir
utgitt av Sekretæren i
HHL.*

*Bladet blir sendt alle
medlemmer - deriblant
ein del institusjonar.
Det er tillatt å bruke
og kopiere stoff frå
bladet, men oppgje
kjelde !*

Vi vil gjerne at med-

*Bladet er utforma ved hjelp av EDB-
programmet MS-Publisher 2.0*



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND
Tlf.: 350-23150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND
Tlf.: 350-23011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank:
Kontonr.:2699 07 04332